



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 09/2022

Møtedato: 27.04.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S 528, Nørre Gilen - Utvisning av inngjerda beite

Drivar av G/Bnr 2/1 med festenr S 528 på Nørre Gilsen søker om å gjerde inn eit areal på ca 6 daa som ligg mellom 2 stølar. Dei har sendt følgjande grunngjeving:

Legger ved skisse til den inngjerdinga vi ønsker. Vi ser for oss å investere i 3 grinder med noe gjerde for å gjerde inne det resterende området mellom nærliggende gjorder. Ønsker grinder alle tre veier for å enkle tilgangen til området rundt daglig eller ved behov. Ser at dyrevelferden er bedre om kuene kan få gå ute om natten om sommeren.

Gjerde/grinder er markert med mørk blå.

Hilsen Kine Ramsland og Rune Hålien



Garden er i drift med mjølkekyr, og jorda/stølen er og i drift. Dei har ikkje anna nattbeite som er inngjerda, anna areal er fulldyrka. Føresetnad for å kunne behandle dette er dermed til stades.

Inngjerding av beite er regulert i § 5 i stølsforskrifta:

§ 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal legge saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærmare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelige vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerala kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde sokjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.


Når beitearealet eller gjetarbu ikke lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbu skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.

Administrasjonen har hatt innleiande dialog med stølsbrukarar, og bede dei om å vurdere avgrensa inngjerding for å sikre passasje/goto som er gjennomgåande for dette området. Med omsøkt inngjerding sperrer ein eksisterande goto til S 530 (på S 530 er det ingen beitedyr pr i dag). Stølsbrukar ynskjer at fjellstyret vurderer om det er naudsynt å oppretthalde eksisterande goto. Innleiande svar frå stølsbrukar anggoto er at grind er teikna slik at det vert minst mogleg gjerde å setja opp, og dei har tenkt at på dagtid kan

grindar setjast opne slik at ingen vert stengt ute. Det er også viktig å oppretthalde tilgang til bekken for deira beitedyr ved utforming av eventuelt gjerde – oppgjev stølsbrukar på S 528.

Oppretthalding av goto eller ei:

Blå strekar syner eksistrande goto-moglegheiter i dag, og rødt areal er omsøkt til nattbeite:



Etter administrasjonen sitt skjønn er den viktigaste goto den som går mellom søker S 528 og nabojordet S 530 - Rognes. Denne er med og skapar samanhengande goto for fleire stølar i området. Det er mindre viktig å oppretthalde goto i etablert bilveg frå S528 mot sørøst (forbi S531 – Bakke). Tilråding ang goto er at ein bør prøve å oppretthalde goto forbi S530, men likevel på ein slik måte at søker får tilgang til bekken for sine beitedyr. Dette inneber noko meir inngjerding enn først planlagt for søker sin del, men gjev ei langvarig og god løysing for fleire brukarar i området.

Området er undersøkt i tråd med naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er registrert følgjande:

ID BN0027788 Naturtype : Naturbeitemark

Verdigrunngjerving: «velutvikla, artsrik naturbeitemark med lang kontinuitet, del av helheitleg kulturlandskap».

Verdi: Svært viktig (A)

Råd om skjøtsel: Fortsatt tradisjonell beitehevd, helst med storfe. Må ikkje gjødslast.

Ut over dette er det ikkje enkelt-registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Det større leveområdet for rype som omsøkt areal er ein del av inngår i eit såpass større areal at dette tas ikkje inn i denne saka. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltingstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følge av tiltaket. Det er heller slik at noko meir beitepress vil kunne på ein positiv effekt på naturmangfoldet i aktuelt område. Det inneber ikkje oppdyrkning, men tradisjonelt beite.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka, såfremt arealet ikkje vert oppdyrka men nyttå som tradisjonelt beite. Dersom dette skal nydyrkast, må det handsamast som utvisning av tilleggsjord, og ikkje beite.

Det er funne kulturminne (2 knivar registrert som automatisk freda) ved pløying av nærliggande jorde, om dette er indikator for vidare funnpotensiale kjem evt fram gjennom høyringa. Imidlertid ligg det ikkje i søknaden at arealet skal nydyrkast/opparbeidast – men ein kan pårekne noko overflaterydding.

Når det gjeld friluftsliv, er det passasje for dette på austsida av S 528, slik at dette er løyst på ein tilfredstillande måte for adkomst for gåande opp i fjellet.

Oppsummert tilrår administrasjonen at søknaden om inngjerding av nattbeite vert lagt ut på offentleg høyring, med vilkår om at goto mellom S528 og S530 vert oppretthalde med brei nok korridor (minimum 10 meter som utgangspunkt), men som og ivaretak moglegheit for vann til beitedyr.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret legg søknad om inngjerda nattbeite, jfr Stølsforskrift § 5 ut på offentleg ettersyn.

Vedtak:

Fjellstyret legg søknad om inngjerda nattbeite, jfr Stølsforskrift § 5 ut på offentleg ettersyn.

Vedtaket er samrøystes.

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Høyringsmottakarar til offentleg ettersyn